

**Sakshandsamar:**

Kristin Arnestad

E-post: kristin.arnestad@sfj.no

Tlf.: 90616843

**Vår ref.**

Sak nr.: 19/4374-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

27170/19

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 20.05.2019

**Notat****Frå:** Nærings- og kulturavdelinga**Til:** Fylkesrådmannen**Statsstøttevurderingar - notat om større søknader**Innleiing

Vi viser til notat om større søknader lagt fram som skriv og melding for fylkesutvalet 9. mai 2019. Fleire av desse søknadane må vurderast nærmare opp mot statstøtteregulverket, og vi gjer i dette notatet greie for om regelverket vil vere til hinder for å gje tilskot i desse sakene.

Ny infrastruktur og felles organisering av frukt og bærneringa i Sogn og Fjordane

Landbrukssektoren er i utgangspunktet ikkje omfatta av EØS-avtalen. Dette følgjer av EØS-avtalen artikkel 8, som spesifiserer at primærprodukt i landbruket fell utanom. Visse bearbeidde jordbruksprodukt vert likevel omfatta av EØS-avtalen.

PWC har på vegne av Lærdal kommune gjort ei vurdering om Lærdal kommune kan yte støtte til Lærdal Grønt gjennom å selje tomte på Håbakken til vesentleg under marknadspris. Den juridiske vurderinga som Lærdal kommune har fått gjort, konkluderer med at handel med frukt og grønnsaker som i Lærdal Grønt si sak vil falle utanom EØS-avtalen.

Ut frå den juridiske vurderinga som er gjort, vurderer vi det slik at mest truleg vil i alle fall store deler av dette prosjektet vere unnateke statsstøtteregulverket grunna «landbruksunnataket». Prosjektet er i ein tidleg fase, og søknaden er ikkje detaljert i kostnadsoppsettet. Det kan difor finnast grensegangar, mellom anna til salsareal for bearbeidde produkt som ein må vere merksame på. Ved eit eventuelt tilskot vil det vere viktig å skilje ut dei kostnadane ein kan støtte, mot det ein eventuelt ikkje kan støtte. Slik vi vurderer saka no kan truleg store deler av prosjektet støttast utan å ta omsyn til EØS-avtalen sine reglar. Før eit eventuelt tilskot til søkjar må vi få meir detaljerte opplysningar og kostnadsoverslag.

Njøs Eigedom

Njøs Eigedom skal drive forvaltning og utleige av landbrukseigedom, og ikkje direkte produksjon av landbruksvarer. Vi vurderer det som mest sannsynleg at selskapet blir omfatta av EØS-avtalen. Det er også mest truleg at ein god del av aktiviteten i selskapet vert rekna som økonomisk aktivitet. Eit eventuelt tilskot bør difor truleg tildelast i tråd med unntaksheimlar i statsstøtteregulverket.

For Njøs Eigedom kan aktuelle heimlar vere det alminnelege gruppeunnataket og artiklane 17 (investeringsstøtte til SMB) og artikkel 26 (forskningsinfrastruktur). Hovudutval for næring og kultur har sett av 4 mill. kr. til Njøs Eigedom. Denne summen skal tildelast som støtte etter det alminnelege gruppeunnataket, artikkel 26 dersom selskapet oppfyller nærare definerte vilkår. Dette går mellom anna på finansiering frå andre, og spesifikke vilkår knytt til artikkel 26.

Det er ulike støtteintensitetar for ulike artiklar i gruppeunnataket. Det er høve til å kombinere ulike støtteformer men ein må vere nøye med kumulasjonsreglane slik at ein ikkje overstig grensene. For artikkel 26 er til dømes maks støtteintensitet 50%, medan det er maks 20% for artikkel 17.

Når det gjeld Njøs Eigedom har dei fått på plass noko finansiering, og jobbar med meir. Det er noko usikkert kva endeleg budsjett vert. Det er difor litt usikker kva berekningsgrunnlag vi har for eit eventuelt tilskot. Det er heller ikkje avklara i detalj kva forskingsinfrastruktur som vil ligge i selskapet, og kva som vil ligge i Njøs Frukt og bær.

Vår vurdering er at det er rom for å gje ytterlegare tilskot i tråd med statsstøtteregelverket, men vi er usikre på kor mykje. Eit eventuelt tilskot kan ikkje tildelast til mottakar før vi har motteke ytterlegare spesifisering av kostnader, og dokumentasjon på oppfylling av vilkår i dei ulike artiklane.

#### Bratt Moro AS – utvikling av skredsenter i Sogndal

Søknaden frå Bratt Moro gjev ikkje tilstrekkeleg informasjon til å greie ut ulike løysingar knytt til statsstøtteregelverket. Det er i søknaden frå Bratt Moro AS ikkje konkludert med kva organisasjonsform og driftsmodell ein tenkjer vil vere mest aktuell for skredsenteret. Bratt Moro AS er eitt aksjeselskap og dersom ei eventuell støtte skal tildelast Bratt Moro AS må den tildelast i samsvar med statsstøtteregelverket.

#### Fjordane Virtuelle Campus

Fjordane Virtuelle Campus er tenkt oppretta ved å nytte selskapet Nordfjordeid Næringshage AS. Ein vil både endre namn og eigarsamansetning for å reflektere det nye innhaldet. Nordfjordeid Næringshage AS får i dag støtte frå SIVA som operatør for næringshageprogrammet. Denne støtta vert tildelt som støtte innanfor det generelle gruppeunntaket (artikkel 27 og artikkel 28). En del av det omsøkte tilskotet er tenkt løyst gjennom ei løyving i hovudutvalet for næring og kultur sitt møte 28. mai. Denne støtta er tenkt løyst med ein kombinasjon av bagatellmessig støtte og støtte innanfor det generelle gruppeunntaket sin artikkel 27 (investeringsstøtte til innovasjonsklynger). Eventuell støtte ut over det som vert tilrådd i hovudutval for næring og kultur sitt møte må vurderast på nytt opp mot statsstøtteregelverket. I samband med dette må det hentast inn ytterlegare opplysningar.

#### Breiband

Søknader til breiband er sendt inn gjennom Nkom si ordning. Tilskot til breiband blir tildelt etter det alminnelige gruppeunntaket, reglane for støtte til breibandinfrastruktur. Så lenge prosjekta blir gjennomført i tråd med Nkom sine reglar vil dei vere i tråd med statsstøtteregelverket.